

Felles målsetjing for ein smarttelefonfri barndom ved Vangen skule

FAU støttar initiativet *Smarttelefonfri barndom 2030*, og me har som mål at Vangen skule innan 2030 skal vera ein skule der barn i all hovudsak ikkje brukar smarttelefon.

Me er klare over at mange barn i storskulen allereie har eigen smarttelefon, og målsetjinga om ein smarttelefonfri skule er difor fyrst og fremst retta mot barn i småskulen. Likevel vonar me at desse målsetjingane kan vera til nytte for alle foreldre.

FAU har, etter ei spørjeundersøking laga følgjande målsetjingar:

1. Ingen smarttelefon i barneskulen

Me oppmodar til at barn i barneskulen ikkje har eigen smarttelefon.

- FAU anbefaler at føresette vel tastetelefonar utan tilgang til internett og appar dersom det er behov for kontakt.

2. Smarttelefonfrie sosiale samkome

Me ynskjer at barn får moglegheit til å vera fullt til stades i sosiale samanhengar.

- Ved arrangement i regi av føresette og når barna møtest på fritida, oppmodar me til at smarttelefonar, smartklokker og andre skjermar med liknande funksjonar vert lagt vekk eller ikkje tatt med. Foreldre kan bidra gjennom klare avtalar og ved å vera gode førebilete.

3. Vent med sosiale medium til etter barneskulen

Bruk av sosiale medium fører ofte til uønskt eksponering, gruppepress og konfliktrar.

- Me anbefaler difor at barn ikkje opprettar kontoar på sosiale medium i barneskulealder. Dei fleste plattformer har 13-årsgrense og denne grensa er venta å auka til 15 eller 16 år.

4. Samarbeid og støtte

Føresette støttar kvarandre i å nå desse målsetjingane og deler erfaringar og utfordringar undervegs.

Vidare arbeid i kvar klasse

FAU oppmodar kvar enkelt klasse til å drøfta ulike problemstillingar kring bruk av skjerm, smarttelefonar, sosiale medium og kommunikasjon. Anten ein opplever utfordringar eller ikkje, kan desse punkta vera gode å snakka om i kvar klasse:

- Ulike heimar har ulike reglar. Korleis forhold me oss til skjermbruk når barna har besøk av venner? Til dømes spel og film med aldersgrenser.
- Når er det greitt å kontakta andre elevar på kveldstid?
- Korleis forhalda oss til skjermbruk og søvn?
- Korleis forhold me oss til chattegrupper i spel eller sosiale medium?
 - Vert alle inkludert, og kva gjer me viss nokon fell utanfor?
 - Kva gjer me viss nokon vert utestengde eller kjem i konflikhtar digitalt? Kven kontaktar me og korleis?
- Når er det greitt å dela bilete og videoar?
 - Korleis sikra seg samtykke ved deling av bilete/videoar?
- Kva tenkjer me om foreldrestyring og innsyn i meldingar?
- Korleis kan me snakka med barna om personvern og aldersgrenser?
- Kva gjer me om eit barn eller fleire vert involverte i noko dei ikkje ynskjer på nett?

Nyttige lenkjer:

<https://www.fhi.no/> Nasjonale faglige råd. Skjermbruk blant barn, unge og foresatte.

<https://www.udir.no/> Råd for god digital praksis og skjermbruk i skolen.

[Foreldrehverdag | Bufdir](#) Snakk med barn om nettbruk. Skjermtid og dataspill.

<https://www.barnevakten.no/>

<https://www.smarttelefonfribarndom.no/>